

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
G0, TI-&85
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 26.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
031/22	Eldreråd	05.09.2022
037/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	05.09.2022

**Val av brukarrepresentant til områdeutval i helsefellesskapet
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Saka skal avgjerast i råda.

Representant:

Vararepresentant:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.09.2022:

Handsaming:

I felles orienteringsmøte vart eldrerådet og RMNF einige om å velja brukarrepresentant frå eldrerådet og vararepresentant frå RMNF.

RMNF valde Bente Orlen Westervik som vararepresentant til områdeutval i helsefellesskapet.

RMNF- 037/22 Vedtak:

RMNF valde Bente Orlen Westervik som vararepresentant til områdeutval i helsefellesskapet.

Eldreråd 05.09.2022:

Handsaming:

I felles orienteringsmøte vart eldrerådet og RMNF einige om å velja brukarrepresentant frå eldrerådet og vararepresentant frå RMNF.

Eldrerådet valde Jostein Dale som brukarrepresentant til områdeutval i helsefellesskapet.

ER- 031/22 Vedtak:

Jostein Dale vart valt som brukarrepresentant til områdeutval i helsefellesskapet.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne,

Bakgrunn

Alver kommunestyre gjorde 16.06.22 følgjande vedtak:

KO- 078/22 Vedtak: Alver kommunestyre sluttar seg til framlegg til revidert Overordna samarbeidsavtale og Tenesteavtale 1 – overordna føringar for samarbeidsstruktur og samarbeidsformer i helsefelleskapet - jamfør vedlegg.

Det skal veljast representantar til dei ulike utvala i samarbeidsstrukturen. Brukarrepresentant til områdeutval for region Nordhordland skal veljast frå Alver kommune. Representanten vert vald inn for 4 år om gongen.

Saksopplysningar:

Samarbeidsavtalen skildrar dei ulike utvala sine oppgåver og samarbeidsstruktur. Områdeutvala er omtala i avtalens punkt 5.3.

Områdeutval (OU) Områdeutvala skal handsame og følgje opp saker som gjeld det enkelte utvalsområdet. Det er oppretta 4 områdeutval etter etablerte kommuneregionar: Nordhordland, Bergen kommune, Voss lokalsjukehusområde og Bergensregionen.

5.3.1. Oppgåver

- Bidra til god dialog mellom kommunar, spesialisthelsetenesta, brukarar og fastlegar om lokale samhandlingssaker
- Gje innspel til og forankre felles samhandlingsstrategiar -og tiltak
- Planlegge, setje i gang, og følgje opp lokalt forbetningsarbeid og lokale samhandlingsprosjekt
- Melde aktuelle saker til SSU
- Følgje opp saker frå og setje i gang aktuelle oppdrag frå SSU
- Opprette og avvikle lokale underutval og nettverk
- Ha oversikt over samhandlingsavvik og nytte oversikta i lokalt forbetningsarbeid. Partane er samde om at reglane om teieplikt skal ivaretakast - m.m.

5.3.2. Samansetning

- Ein representant frå kvar kommune (kommunalsjefsnivå/ seksjonsleiar- eller etatsdirektørnivå i Bergen kommune)
- Bergen kommune kan vere representert med inntil 6 representantar i eige områdeutval
- Det skal vere forholdsmessig representasjon frå spesialisthelsetenesta i tråd med sektoransvaret for kvart utvalsområde
- 1 fastlege
- 1 kommuneoverlege
- 2 brukarrepresentantar (1 frå kommunane og 1 frå spesialisthelsetenesta)
- 1 representant frå hovudsamanslutningane

Observatørar med tale- og forslagrett:

- Aktuelle representantar frå samarbeidssekretariatet
- På sak: Leiarar av lokale underutval og nettverk

5.3.3. Arbeidsform

- Representantane i områdeutvala er vald inn for 4 år om gongen
- Områdeutvala konstituerer seg sjølve
- Områdeutvala skal ha kommunal leiar og nestleiar frå spesialisthelsetenesta
- Sekretariat: 2 representantar frå samarbeidssekretariatet (kommunal områderepresentant og representant frå spesialisthelsetenesta etter sektoransvar)
- Samarbeidssekretariatet har ansvar for å følgje opp saker som skal til SSU/kjem frå SSU

Vedlegg i saken:

26.08.2022	Etablering av helsefelleskap - overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1 (L)(748074)	1791326
26.08.2022	Etablering av helsefelleskap - Overordnet samarbeidsavtale og tenesteavtale 1 (L)(719269)	1791327